

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Oppdal

Emne:

Bygdelag: Helt Drivdalen og
Nordskogen.Oppskr. av: Ola J. Rise, Mydalen^(70 år)

Gard:

(adresse): Oppdal p.o.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle og eldre opprit.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): (jfr. teke 2).
(L = tykk l).

SVAR

Transport av høg.

1^a jfr. 4) I vår tid og heilt fråkring 60 år sia - er høget vanleg kørt heim til Fjøske'llen (lva) i eit slag (spildre) konger, som her kallast skrenda (s) (ei skrend).

Skrenda er sett på høgvoagna - framme og bak som feste grindar, og på langsida med gjenge nedst på endom og feste til tverrgrindane øvst på, t. d. med ei nål. Side - Skrendane, som kallast skrendvergjinn (ein veng) kan ein slå ned og ta - av når ein velter eller skjuvar lasset ned i stilet frå kjørbrua, som er bygd over kjellegölve. Brua til å køyre opp til kjellen på er oftast laga av ein mura steinfot nest marka og med langstakkar og flakka nest tverrvegen på kjella (m) og kallast kjellokloppa (f). Dette gjeld på litt større gardar og med nyare uthus.

Tidlegare (no på ytterst få bruk i Oppdal) var innkøyrsla til kjellen frå gard-tøn (tunet) på langsida av uthuset og kallast da vanleg løvbrua eller løvkløppa.


Og den store skilnaden^{var}, at ein da


5.2/ Lånt la'ng (fange) høget av lasset
og trø flet inn i mindre stål, som
låg på høgd med "brua" (Det var som
regel trøskelåver). Eller dei hadde
særskilte små høghus attmed gardstunet.
16) Å slå i utmark, som ligg langt
ifrå gardom, har dei fleste slutta
med for ein mannsalder eller
meis sia. Men på mange
gardar slo dei gjerne i mindre
avsidet skogeng til for ein 10-15
år sia. Graset vart da (og tidlegare)
køyrte fram på fræueng-slettor
og tørka der, før det vart innkøyrte,
for da kunne ein ha meis nytte
for sal og vind- og attåt krücke
hestriwa til sating og høging.

I dei siste årom har det vorte
mest slutt med å slå anna
enn dyrkamarka, enda om
jårane (og skogglennor attmed
fræuenget) låg nok så høvdt til.
Ritt lenger heldt dei på
med markaslåtane på mindre
gardar, og på plassane. (Det ser
ikkje ut til at det vart større
minking i bruk av markaslåtten
så tidleg som da Åsmund Vinje
i 1860 skreiv i Fedraminne at
markaslåtten t.d. i Drivdala
i Oppdal snarutt var verd brynesteimen.)
Ein mann, som ikkje sjål hadde
hest, kunne ja låne eller leige

5.3
hjelp til høgkögrenge. Men oftest
lavit han, under ansemda på
gardom, bera eller draga høget
sitt inn, for skulle det bli liggande
ute i mæa (fl.) (ei högmü) så kunne
det bli skadd av regn eller dogg.

2) Dette var det litt rettare med
for det vart vanleg å bricke skreuda.
For da sette ein lass på marka:

I skogeng la dei kjembe på
kjembe fast ihop på ei kuskor
eller ei tong og pussa lasset slett,
så ev. vete lett kunne renne av.
Slike lass kunne dei da gjö'r
(binde) ihop vid å feste i tügü
(eit böygd tre med eit vidjelband
i kvar ende ) og ei högtong,

(ei trekläft med eit tverrtre var
endane). Så reiste dei lasset
på langkaut og velta det på
vogn eller ein ~~rullslæ~~ slæ
rullslæ el. hjulslæ. På
innmarka gjekk det vel til på lag
på same måten. (ei tong til å leggje under lasset
var slik på lag: 

I utmarka, der høget skulle
inn i lúa (ei höglü) var det
helst unnlis, den tida da det
frå kvar ekker, myr og glenne
laut gravast fram gras og
sankast høy og storr.

I kratte lies t.d. samla dei
jerne saman gras og høget
på bjørkbuskor, sloa (ein slæ),

5. 4 og drog det ned på sletta til
törkingo, eller innåt lina og ha
de enda, eller i stakk. Sloc laga
dei ^{perdig} ved å leggje ei rad med tvær-
buskor over løjörka t.d. og lesote
höjkjembone på. Klet kunne
abra eit halot eller heilt hestlass
på sloen. Og eit par kraftige
kara kunn tak hele fola
og velt ho inn i lina, fortalte
H.d. Siwert Donali (byggdefog. Nordstogen)
kring 1800 år gamal no.

Eller veit vi at dei har höjet
ved å laga faste kjemba, ei
konst som ikkje det omfalket
no kann lengre. (Det var heilt kararbeid)
Det galdt å krümme den lange
kjemba rett med same ein,
med riva frama og eit fast
handgrep bak, läfta ho opp
på aksla. Eller dei la höjböda
i svalk, ei lang buske med
ei lökkje på den tunnare
enden til å tre stalker inni,
og ta på ryggen. Dette vart
kalla svalkbörr (ei börr).
(Ein mes av samauhekte vidjeband
var visst her nytta berre til å frakte
med seg kvileför på ferder winters
dog. Rögpeströg til frakt av
mjölk og annars (trüleg og til
frakt av hög) på ei heimseter kjemba
eg berre på ein stad her, på Egset,
og det er på eldre tid. Brück


s. 5 av trillebør til høyfrakt & ikkje kjent.
Ofte vart høyet boren dim på ei bår
av lause eller samanfesta (6) stenger
med eller utan mange tværtre.


3) Frå uteng, lœe og stakk
vart høyet heimkjørt på vinterspriet.
Og da var det vanleg nytta ein lang-
slede. Men det vart lagt nokre lange
luskor på laugs nede ved å-meiam,
og lagt luskor på tvært og på laug^{høll opp} under
gjeringa med løv-reip, og bruka tugū
på tverrendane av lasset. Med desse
luskone kunne ein få lasset vidare
enn sleden. Det var alltid nemnt
ein skilnad på vinterlass og somarlass.
I eit vinterlass kunne det vera to-tre
eller fleire vanleg kjemba somarlass.
Og det i vinterlasset såg heilt annleis
ut, med skrepp tapp (m), eit pålegg
på høgda både fram og bak, i
matsetrad til til somarlasset, som
var avrunda åt bae endom.

Det var og mykje nytta skipjeltkje
til å draga heim høg på frå skogugom.
4) (Om kjøredoring i høgorna
sjå først på, under 1^a) Ein laugslede
var vanleg 4 alner lang. Utan skoring
kallast han trestengslæe. Det var
ikkje, det eg veit, sledenamn på vogn
med berre hjul. Men rullslæe og hjulslæe
med meiar fram og små hjul bak er
enno nytta same stader (Midtbygda og Nordskogen).
Og det var laga slik at når hester drog
i mat bakke låg meste tyngda bak på

S. 6 / hjulom, og nedover låg meiane
hardt nedåt og bremsa på farten.
Høgskrenda har ikkje vore
forandra noko serleg sid ho
kom i bruk.

Eier høgstong ser ut på lag slik:



med hal i den spisse enden, og
horn i hin for å feste repe på.
F reipet var det ei kegd 
med horn til å feste repsnate
(eit snat) på etter gjøringa.

Det har hittil vore nytta berre
ein hest til kvar vogn eller slide.

5) Når høgkøyringa skulle
ta åt om vinteren var det

samråd om dag og klokkeslag, da dei,
som hadde sams veg til uteng eller setrer,
skulle ta avstad. (Feldre tid kanskje tilseing med ein
fast utpeika forstandar eller kva han helst kallest.)

Ofte passa dei på å nytte skåråføret
på vårparten. Det galdt no helst fjellkøyring.

Var det djup snø maka eller (og) trakka
karane ned ein del ~~av~~ snøen. Og så
sette dei til kvar sine hestar til å
fara først kvar sitt stykke. Og det
var visst få eller ingen som utan
serleg hinder heime skulka seg
unda ei slik ferd, som i godt
vær kunne arte seg som ei lita festferd.

— Elles for eg vise til boka mi,
Oppdalsboka, Historie og folkeminne I, t.d. s. 108
og 109 om harde fjellferder eller høg i bygda,
om det interesserar.